

Årsmelding og
rekneskap



VØR

Sortert avfall gir verdi!

2017

STYRETS ÅRSMELDING 2017

VØR er heileigd av Ørsta og Volda kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50 % kvar.

Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune og driv med innsamling, transport og behandling av avfall og slam på vegner av eigarkommunane.

Gebyrfordeling:

<u>Kommune</u>	<u>Hushaldningar og fritidshus</u>	<u>Slam</u>
Ørsta	5351	1046
Volda	4481	575
Sum	9832	1621

Styringsorgan

Representantskapet avvikla 3 møter i 2017 og handsama 13 saker. Styret avvikla 5 møter og handsama 49 saker.

Representantskapet sine medlemar er: Jan Henning Egset - leiar, Aslaug Marit Øyehaug - nestleiar, Jostein O. Mo, Toril Hasfjord Bjørneset, Pauline Vartdal Vinjevoll, Hild Våge, Bjørn Helset og Arne Torvik.

Styret sine medlemmer: Jon Helge Bjørndal – leiar, Ann Britt Våge Fannemel - nestleiar, Helge Standal, Anne Ellingsen og Ove Myklebust (tilsette- representant)

INNSAMLING OG GJENVINNING.

Representantskapet vedtok i 2014 ein fireårig plan der det nasjonale målet om minst 50 % gjenvinning innan 2020 og betre kvalitet i rapporteringa, er auka til minst 60 % gjenvinning hos VØR. Då ny tomt på Melsgjerdet ikkje er klar i 2017, vert planperioden utvida med eit år til å gjelde og 2019.

I 2017 hadde innføring av renovasjon fritidshus mykje merksemd. Vi plasserte ut 15 nye felles innsamlingspunkt for dei om lag 1100 fritidshus abonnentane i januar. Innføringa gjekk stort sett greitt for seg, etter noko uro i starten av året. Containerane har i løpet av året gitt oss vel 100 tonn avfall.

Dei to andre store sakene dette året er arbeidet med å få på plass ny lokalitet på Melsgjerdet der vi skal ta imot matavfall, og førebuing av innsamling av matavfall frå 2019. Formalitetane rundt dette er no nesten på plass.

I oktober gav eigarane oss auka låneramme. Fylkemannen i Møre og Romsdal tildelte oss løyve til å etablere oss på Melsgjerdet i november. Og i desember vart nye renovasjonsforskrifter vedtekne.

I 2017 fortsetter den frivillige omlegginga med henteordning for glas og metall emballasje, og vi har ved årsskiftet 2017/18 heile 80 % dekning i husstandane med eigen glas og metallbeholdar.

Gjenvinningsgraden er 99 %. 2 % ombruk. 38 % materialattvinning. 59 % energiattvinning og 1 % til deponi.

Nedanfor er ein tabell som syner utviklinga i avfallsmengder siste fem åra.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2013	2014	2015	2016	2017
Papir / papp	1.091	1.073	982	928	1.040
Tekstilar (Fretex, UFF og Filex)			126	131	143
Plast	33	74	105	176	84
Glas og metall	169	196	204	239	264
Farleg avfall	250	225	247	236	250
E.E. avfall	235	220	223	210	194
Hageavfall	1.750	1.049	1002	893	765
Grovt restavfall frå miljøstasjon	619	654	707	665	690
Trevirke	252	297	348	363	419
Metall frå miljøstasjon				226	236
Slam	116	545	135	463	132
Stein, betong, flis, gips, isolasjon				73	65
Dekk					20
Hushaldningsavfall	3.524	3.484	3.366	2.940	2.915
SUM	8.039	7.817	7.445	7.543	7.217
Innbyggjartal				19.714	19.846
Kg avfall pr. innbyggjar				382,6 kg	363,65 kg

Om mengdene i 2017

Avfallsmengdene frå hushaldningane går ned 4,4 % i 2017. Justert for mengdene frå fritidshus og auke i folketal, er nedgangen enda meir synleg. Det er fleire årsaker til det.

Nasjonale kampanjar av type «Spis opp maten din» verkar. Målretta kommunikasjon både matvarebransjen og frå avfallsbransjen elles om gjenbruksordningar og sortering av avfall, verkar. Innbyggjarane følgjer med i tida. Det etiske i å kaste mat, har fått merksemd.

Kvalitet på det som går til gjenvinning

Det er eit nasjonalt og lokalt mål å auke materialgjenvinninga slik at det kan lagast nye råvarer. Reine fraksjonar er ein føresetnad for gjenvinning, og det har abonnentar og VØR eit felles ansvar for å få til.

For mange av våre abonnentar gjer ein for dårleg jobb med sortering av avfall. Trøysta er at dei som gjer ein god jobb, leverar svært reine varer og det veg noko opp for dei som sluntrar unna.

Men generelt er det for mykje ureiningar i papiret, i plasten som vert samla inn og vi får inn altfor mykje store gjenstandar som ikkje er metalleballasje saman med glaset.

Vi hadde revisjon frå Emballasjeretur hausten 2017. Sjølv om tala synte betring i høve revisjonen i 2015, er 8 % restavfall i plastemballasjen nesten det doble av det akseptable. Dårleg kvalitet gir økonomisk trekk i oppgjeret for dei innleverte mengdene, og straffar såleis abonnentane med høgre gebyr. Når vi no startar på innsamling av matavfall i 2019, vert fokuset på kvalitet enda viktigare. Framover vert fokuset på innlevert kvalitet eit hovedsatsingsområde.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum aukar igjen i 2017. Vi har sett ei fallande kurve heilt frå 2008. I 2017 snur det, truleg på grunn av auka reklamemengde.

Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avis-papir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

Vår kontraktspart Rekom AS, nyttar Bingsa Næring som sin underleverandør til pressing og balling av papiret og pappen, før det vert skipa med båt til Nederland for gjenvinning til nytt papir og ny papp.

Glas og metallemballasje

Glaset går som råvare til Norsk Glasgjenvinning til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull (glava) pluss nye glas-produkt. Metalltet går til nytt metall.

Innsamla mengder glas har auka frå 2016 med 11,9 %. Veksten kom i første halvår, for så å flate ut og gå ned i andre halvår.

Heile 80 % av abonnentane har no på frivillig basis skaffa seg eigen behaldar eller samarbeidar med naboane om slik.

Vi ventar ikkje stor vekst i 2018, sjølv om det no er vedteke at skal ha henteordning for glas og metallemballasje. Nasjonale plukkanalysar syner at potensialet er i overkant av 300 tonn med vårt folketal. Og der er vi ganske nær.

Plast

Plast går til Tyskland for gjenvinning via Grønt Punkt Norge AS som er vår avtalepart. Moderne sorteringsteknologi gir ein gjenvinningsgrad på rein og tørr emballasjeplast på opp mot 80 %.

Omlagginga til fjortendagars innsamling av restavfall gav fart i sorteringa og 8,9 kg i 2016. I 2017 er vi tilbake på nivået frå før 2015, med 4,2 kg pr innbyggjar. Vi har i tillegg hatt kvalitetstrekk frå Grønt Punkt Norge AS på grunn av for dårleg kvalitet. Kvalitetstrekket vart oppheva i november 2017 etter ny revisjon, men kvaliteten er på langt nær god nok med eit innhald på 8 % restavfall i plasten, mot eit krav på 5 %.

Vi har vanskar for å godta at mengda plast går ned. Sett frå VØR er mengdene i 2017 som i 2016. Vi nyttar underleverandør på sortering og pressing av plastballar, og har og tidligare opplevd at mengdene har variert på grunn av varierende rutiner hos mottakar. Dette vert å vektlegge meir ved neste innkjøp av sorteringsteneste. Noverande avtale går ut i november i 2018.

Miljøstasjonen

Mengdene levert på miljøstasjonen aukar litt igjen, etter ein nedgang i 2016. Auken kjem på levering av trevirke, og syner at differensiert prisar stimulera til betre sortering.

Farleg avfall.

Vi ser no at mengdene Farleg avfall er på nivå med tidligare år. Vi har ein etter måten sterk nedgang i levert mengde med asbest (eternit tak), medan mengda impregnert tremateriale aukar. Eternittak var mykje nytta på nye tak på 1950 og -60 talet. Vi ser på nedgangen som eit teikn på at mange av disse taka no er fasa ut.

Asbesthaldig materiale og impregnert trevirke står for dei to største fraksjonane med farleg avfall i 2017. I tillegg er maling, spillolje og batteri store fraksjonar.

Vi har som før 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre typar elektroavfall.

Vinteren 2018 vert det innført henteordning av Farleg Avfall og mindre elektrisk avfall, og då vil disse stasjonane verte fjerna.

Slam.

I 2017 var det ikkje ordinær innsamlingsrunde av slam. Vi samla berre inn tette tankar og kommunale fellestankar og nokre få som vil ha årleg tømning på grunn av små tankar. Totalt vart det samla inn 132 tonn. Kontraktspart er Norva 24 AS. Alt slam er innsamlar vidarelevert til komposteringsanlegg, og vert til jord.

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte mindre E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2017 i høve 2016. Årsaka er nok at butikkane som sel slike varer, gjer jobben sin, og tar inn avfall i retur når dei sel nytt. Innsamla mengder har VØR vidarelevert til returselskapet ERP Norge AS. Her blir EE avfallet miljøsanert og sendt vidare til gjenvinning.

Hageavfall.

Reint hageavfall vert umiddelbart etter kværning levert som strukturmateriale til Bingsa Næring sitt komposteringsanlegg. Etter bruk i komposteringa, vert råproduktet vidarelevert veganlegg eller til Grøn Vekst AS for moldproduksjon.

Nye hustomter minkar i storleik og nye huseigarar nyttar trampoline der tidligare generasjonar planta prydevekstar. Nedgangen i mengd frå 2016 er nok derfor ein spegel på tida vi lever i.

Restavfall frå hushaldningane.

Mengdene restavfall er relativt lik med 2016. Rekom AS er vår kontraktspart, med Statkraft Varme AS på Heimdal som mottakar av 70 % av volumet. Åmotfors Energi AB står for resten. Begge anlegga har svært høg energiutnytting.

Drift

Drifta i innsamling og miljøstasjon er stabil og god. Også i 2017 har mange av våre abonnentar nytta seg av ordninga med å bytte seg til ein større papirbeholdar og eigen behaldar for glas og metallemballasje, utan tillegg i gebyret. Vi reknar no med at 80 % av abonnentane har eigen behaldar for glas og metall.

Nedgravde anlegg

Styret har vedteke å satse på nedgravne løysingar for å redusere transportbelastning, auke trafikktrygging og opplevd kvalitet på avfallslevering og henting. Dei første ti anlegga er no plassert ut. Vi opplever elles stor interesse for å få ut enda fleire anlegg, og i nye område med konsentrert busetnad, vert dette den nye standarden. Etter kvart vil vi få eige innsamlingsutstyr og elektronisk overvaking av bruk og fyllingsgrad.

Fritidsbustader

Vi har no etablert innsamlingsordning av restavfall og glas og metall for omlag 1100 fritidshus i Volda og Ørsta. To punkt er utvida med sorteringsløysing og for papp og papir. Eit i Volda på Folkestad og eit i Ørsta. Vi samla inn om lag 100 tonn avfall frå disse mottaka i 2017.

Vi startar no arbeidet med å heve kvaliteten på disse mottaka. Samarbeidspartar vil først og fremst vere Statens Vegvesen.

Informasjonsarbeid 2017.

God kommunikasjon er ein føresetnad for å auke materialgjenvinninga. Sentralt i dette arbeidet er å fortelje innbyggjarane i Volda og Ørsta kva omleggingar som skjer i regi av VØR, og kva omleggingar som vil kome i framtida.

Andre viktige saker utover det, har vore ryddeaksjonen på bygdene og å fortelje innbyggjarane om etableringa på Melsgjerdet, der VØR skal byggje omlastingsstasjon for mat- og restavfall, og kanskje også eit biogassanlegg.

I tillegg til det som skjer på lokalplanet, har VØR prøvd å informere om politiske avgjerder og føringar både på nasjonalt plan og i EU.

For å nå ut, har VØR brukt eiga heimeside, Facebook, lokalaviser, Sunnmørsposten og NRK.

Dei tre kommunikasjonsleiarane i VØR, SSR og ÅRIM møtest med jamne mellomrom – omtrent ein gong i månaden.

Dei har på vegne av sine selskap etablert samarbeid med Fylkesbiblioteket og Runde Miljøsentert om verknadane av plastforsøpling. Dette har resultert i utstillingar i grunnskule og alle dei vidaregåande skulane. I 2018 vert samarbeidet utvida til og å gjelde matavfall innsamling.

Strandrydding

Den offisielle strandryddedagen var i mai, men VØR tok imot avfall frå frivillige både før og etter den dagen. Totalt tok vi imot 40 tonn avfall frå strender, bekkar og elvar.

Informasjonsansvarleg har hatt koordineringsansvaret hos oss, og fekk tidleg til eit samarbeid med kommunane, skular og friviljug sentralane i Volda og Ørsta i tillegg av det lokale Naturvernforbundet. Største mengdene kom og i år frå området rundt Raudøya. Frå 2018 har Fylkesmannen tatt eit utvida ansvar for koordinering, og fått med fleire organisasjonar som t.d friluftsråda.

ÅRIM, SSR og VØR

Eit utvida samarbeid mellom dei tre interkommunale selskapa på Sunnmøre utviklar seg. Vi har hatt fleire møter på leiarnivå. I spørsmålet om utgreiing av biogass anlegg, samarbeider vi særskilt tett med Årim.

Administrativt er der og eit godt og systematisk samarbeid innan kommunikasjon og der er etablert eit brukarforum for KomTek brukarane.

Alle dei tre selskapa driv no eit parallelt løp med innsamling av matavfall for alle på Sunnmøre.

Biogass

Arbeidet med å avklare grunnlaget for eit eventuelt framtidig anlegg er vidareført i 2017.

Å etablere eit biogassanlegg kan sikre oss rimelege leveringsvilkår og lokal handsaming av matavfallet i åra framover. Men det er teknologisk utfordrande og fleire må samarbeide om tiltaket. Mykje av dette er no på plass. Dei tre renovasjonsselskapa ÅRIM, SSR og VØR står bak detaljutgreiing for å avklare om det skal etablerast eit anlegg. Og vi har fått på plass naudsynt interesse frå lokale bønder.

Det som står att er å få på plass ein stor mottakar av gassen. Her arbeidar tida med oss.

Etterspurnad etter gass aukar og ny infrastruktur fell på plass på stadig nye områder.

Barnesjukdomane knytt til lastebilar med for små motorar ser og ut til å vere eit tilbakelagt stadium, og brukarane er fleire. ASKO og Tine har mykje transport, og dei satsar medvite på bruk av berekraftig biogass. Fleire kjem nok etter.

Vi må no få på plass eit grunnlag for om vi skal investere eller ikkje. Det er vi godt i gang med. I desember sette dei tre selskapa av særskilde ressursar for å finne ut om vi skal bygge. Rapport vil ligge føre i mai 2018.

Eigarskap i andre selskap.

VØR har eigarskap i andre selskap der ein oppnår auka kompetanse, god ressursutnytting og styrkt driftsresultat. Oppgaver i tråd med § 4 i selskapsavtalen.

Rekom AS: Vi har 30 aksjar. (0,64% eigarskap) Rekom AS er eit firma som har spissa kunnskapar innan sal av avfall. Firmaet held til i Bergen og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. I 2017 vert trevirke, restavfall og papp/ papir mekla via Rekom.

Retura Norge AS: Vi har 77 aksjar (0,64% eigarskap) Firmaet driv med sal overfor kundar som krev landsdekkjande avtalar for avfall, innkjøp, IT drift og kompetanseutvikling for Returaselskap i heile landet. Firmaet held til i Oslo og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap.

Retura Søre Sunnmøre AS (RSS): Vi har 50 aksjar og 100 % eigarskap. Selskapet driv med innsamling, sortering og vidaretransport av avfall for næringslivet i Volda og Ørsta. Selskapet har ei omsetning i 2017 på om lag 20 mill kr og 7 tilsette. Selskapet er ein lokal totalleverandør av avfallstenester for næringslivet. Selskapet held til på vårt område i Hovdebygda.

Drifta i RSS er med på å halde nede kostnadene både for VØR og RSS då vi saman oppnår god utnytting av felles bygningsmasse, utstyr og personalressursar.

Fefast AS. Vi eig 15 aksjar (16,13 % eigarskap). Dette er eit selskap som arbeidar for bru mellom Søre og Nordre Sunnmøre på Vartdalstranda. Verdien av disse aksjane er skrivne ned til kr 0,- i 2017 rekneskapen.

Personale, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 18 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2017 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert. Risikovurderingar vert brukt aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra. Vi organiserer aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. Vi samarbeidar med Stamina Helse om å ha eit godt arbeidsmiljø. Og vi leiger inn Sikkerheitsrådgvarteneneste med Hans Ivar Langvatn.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle tilsettingar. Av våre tilsette ved årsskiftet, er 5 kvinner.

VØR hadde 3,6 % eigenmeldt fråvær inklusiv fråvær på grunn av barns sjukdom (< 3 dagar) og 5,5 % legemeldt sjukefråvær. Totalt eit sjukefråvær på 9,0 %, mot 7,3 % i 2016. Vi har ikkje sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2017.

Vi har ikkje registrert tilfeller av ureining til det ytre miljø i 2017 utover det som er vanleg i vår bransje. Vi har fått ei klage på lukt frå anlegget vårt. Det resulterte i endra rutinar i samband med levering av næringsavfall og utkøyring av avfall.

Representasjon / synfaringar.

Jon Helge Bjørndal representerte VØR på generalforsamlinga til Fefast i juni.

Petter Bjørndal og Petter Sandvik representerte VØR på årsmøtet til Møre og Romsdal Avfallsforum i mars. Anne Mette Farstad, Petter Sandvik og Petter Bjørndal deltok på haustkonferansen i november.

Petter Bjørndal representerte VØR på den nasjonale farleg avfallskonferansen i Stavanger.

Gunn Velle, Edle Holmin og Hege Welle Aam deltok på " Fagdagar for forvaltningssystemet KomTek "i november.

Gunn Velle og Anne Mette Farstad representerte VØR ved opninga av ny miljøstasjon for SSR i Saunesmarka.

Petter Sandvik og Petter Bjørndal representerte VØR ved opninga av ny miljøstasjon for SSR på Myklebustmyrane i desember.

John Helge Bjørndal og Petter Bjørndal representerte VØR i fellesmøte med NOMIL og «Nye Volda» på Grodås i april.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97.

VØR etterlever vilkåra.

Vi har fått ei klage på lukt frå anlegget vårt sist haust. Det resulterte i endra rutinar i samband med levering av næringsavfall og utkøyring av avfall.

Slamhandsaming i Alida.

VØR mellomlagra avvatna slam i Alida til og med 2012. Det er utført noko avslutningsarbeid i 2017.

ØKONOMI.

Sjølvkostrekneskap renovasjon

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ein periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr. Dette for å auke tilbakeføringa av tidligare års overskot til abonnentane.

Årsresultatet

Årsresultatet for drifta syner eit underskot på hushaldningsrenovasjon på kr 1.554.598,- som vert dekt av bunde fond hushaldningsgebyr.


Årsresultatet syner eit underskot på slam på kr 393.977,-. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene vert ført i partalsår, (det året tøminga vert utført) medan ein del av kostnadene er like frå år til år.

Årsresultatet syner eit overskot på 793.678,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.


Resultatrekneskapan viser totalt sett eit samla underskot på kr 871.939,- før skatt.

Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjelpt oss også i 2017. Styret meiner at føresetnaden for fortsett drift er tilstade. Totalt sett er styret godt nøgde med året 2017, og takkar dei tilsette for innsatsen.

Hovdebygda 03.04.2018



Jon Helge Bjørndal
Styreleiar



Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar




Helge Standal



Anne Ellingsen



Ove Myklebust
tilsette sin representant



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**RESULTATREKNESKAP 2017**

	Note	2017	2016
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salsinntekt		26 946 790	28 134 979
Annan driftsinntekt		<u>134 820</u>	<u>75 529</u>
Sum driftsinntekter		<u>27 081 610</u>	<u>28 210 508</u>
Driftskostnader			
Frakt, toll og spedisjon			-390
Behaldningsendring sekkar		7 570	-20 790
Lønnskostnad	2	-10 498 495	-9 581 213
Avskrivning	3	-3 112 854	-3 039 223
Annan driftskostnad		<u>-14 051 330</u>	<u>-15 033 880</u>
Sum driftskostnader		<u>-27 655 109</u>	<u>-27 675 496</u>
Driftsresultat		<u>-573 499</u>	<u>535 012</u>
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekt		220 109	296 008
Nedskrivning av finansielle anleggsmiddel	8	-150 000	
Annan finanskostnad		<u>-368 549</u>	<u>-348 383</u>
Sum netto finansposter		<u>-298 440</u>	<u>-52 375</u>
Resultat før skattekostnad		-871 939	482 637
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>-282 958</u>	<u>-229 176</u>
Ordinært resultat		<u>-1 154 897</u>	<u>253 461</u>
Arsresultat		<u>-1 154 897</u>	<u>253 461</u>
Arsoppgjersdisposisjonar			
Frå fond slam		393 977	-852 434
Frå fond hushaldning		1 554 598	1 354 562
Overført annan EK		<u>-793 678</u>	<u>-755 589</u>
Sum disponert		<u>1 154 897</u>	<u>-253 461</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**BALANSE PR. 31.12.17**

	Note	2017	2016
EIGEDELAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Immaterielle egedelar		115 133	191 511
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	18 234 368	19 396 754
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	3	8 917 983	5 309 754
Sum varige driftsmidler		<u>27 267 484</u>	<u>24 898 019</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		1 352 501	1 461 495
Sum finansielle anleggsmidler		<u>1 352 501</u>	<u>1 461 495</u>
Sum anleggsmidler		<u>28 619 985</u>	<u>26 359 514</u>
Omlaupsmidler			
Varer			
Varelager		82 948	81 146
Sum varer		<u>82 948</u>	<u>81 146</u>
Fordringar			
Kundefordringar		1 092 583	2 716 809
Andre fordringar		837 172	698 690
Sum fordringar		<u>1 929 755</u>	<u>3 415 499</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>16 142 167</u>	<u>14 618 967</u>
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		<u>16 142 167</u>	<u>14 618 967</u>
Sum omlaupsmidler		<u>18 154 870</u>	<u>18 115 612</u>
SUM EIGEDELAR		<u>46 774 855</u>	<u>44 475 126</u>

2017

2 016

EIGENKAPITAL OG GJELD**EIGENKAPITAL****Opptent egenkapital**

Fond for etterdriftstiltak deponi	724 048	724 048
Fond for slamhandsaming	702 879	1 096 856
Fond for hushaldning	2 880 820	4 435 418
Annan egenkapital	13 151 162	12 357 482
Sum opptent egenkapital	<u>17 458 909</u>	<u>18 613 804</u>
Sum egenkapital	<u>17 458 909</u>	<u>18 613 804</u>

GJELD**Avsetning for forpliktelsar**

Utsett skatt	-4 117	-4 246
Sum avsetning for forpliktelsar	<u>-4 117</u>	<u>-4 246</u>

Annan langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	5 <u>24 306 459</u>	<u>15 122 018</u>
Sum annan langsiktig gjeld	<u>24 306 459</u>	<u>15 122 018</u>

Sum langsiktig gjeld

	<u>24 306 459</u>	<u>15 122 018</u>
--	-------------------	-------------------

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	2 883 966	8 398 879
Betalbar skatt	282 829	240 560
Skyldige offentlege avgifter	428 324	409 193
Annan kortsiktig gjeld	1 418 485	1 694 918
Sum kortsiktig gjeld	<u>5 013 604</u>	<u>10 743 550</u>


Sum gjeld

	<u>29 315 946</u>	<u>25 861 322</u>
--	-------------------	-------------------


SUM EIGENKAPITAL OG GJELD

	<u>46 774 855</u>	<u>44 475 126</u>
--	-------------------	-------------------


Hovdebygda 03.04.18




John Helge Bjørndal
Styreleiar




Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar i styret




Anne Ellingsen
Styremedlem



Helge Standal
Styremedlem



Ove Myklebust
Tilsettere representant



Petter Bjørndal
Dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2017

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for videresal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

	2017	2016
Løner	7 697 557	7 006 528
Arbeidsgjevaravgift	1 276 181	1 167 809
Pensjonskostnader	1 067 891	970 096
Andre lønskostnader	456 866	436 780
Sum lønskostnader	<u>10 498 495</u>	<u>9 581 213</u>

Det har i gjennomsnitt vore 18 tilsette i selskapet i 2017

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/ Representantskap
Løn	869 040	259 212
Anna godtgjersle	56 587	2 034
Premie til pensjonsordning	142 222	

Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstillar krava i lova.

Betalt pensjonspremie i året: kr. 1.019.079

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2017 utgjer kr. 16.511

Note 3 Varige driftsmiddel

Kostpris 01.01.17	67 746 401
Tilgang	5 523 989
Avgang	41 670
Kostpris 31.12.17	73 228 719
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.17	45 739 950
Balanseførte verdiar 31.12.17	27 267 484
Ordinære avskrivningar i året	3 112 854

Note 4 Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 428.324

Note 5 Pantsetjingar og garantiar

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 24.306.459 er sikra med garantiar frå eigarane.

Note 6 Eigenkapitalinnskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2017 er det betalt kr. 40.806 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 449.675

Note 7 Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda**Årets skattekostnad****Resultatført skatt på ordinært resultat:**

Betalbar skatt	282 829
Endring i utsatt skatt	129
Skattekostnad ordinært resultat	282 958

Betalbar skatt i årets skattekostnad:

Ordinært resultat før skatt	1 166 007
Permanente forskjellar	11 652
Grunnlag for årets skattekostnad	1 177 659
Endring i midlertidige forskjellar	795
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	1 178 454
Skattepliktig overskot	1 178 454

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	282 829
Sum betalbar skatt ordinært resultat	282 829

Betalbar skatt i balansen:

Betalbar skatt på årets resultat	282 829
Sum betalbar skatt i balansen	282 829

Utsatt skatt på bygningar er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8

Note 8 Nedskriving av aksjar i Fefast AS

Styret vurderer akjekapitalen i Fefast AS som tapt.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING 2017

Uttalelse om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS som viser eit underskot på kr. 1.154.897,-. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2017 med notar som beskriver nytta rekneskapssprinsipp og andre relevante opplysningar.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelsar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Leiinga er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding, men inkluderar ikkje årsrekneskapen og revisjonsberetninga. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekkar ikkje øvrig informasjon, og vi attesterar ikkje den øvrige informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvissande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggbestmmelsar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta stilling til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggst til grunn for årsrekneskaen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta fil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheiten av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avleggelsen av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det foreligg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, vert det krevd at vi i revisjonsberetningen vier oppmerksomheita på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Etterfølgande hendelsar eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikkje forsetter drifta.
- Evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskaen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskaen gir uttrykk for dei underliggande transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvissande bilde.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Vi kommuniserer med leiinga blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Larsnes 5/4-2018

Halldis Moltu
Halldis Moltu

-reg. revisor-

ERKLÆRING I SAMBAND MED REKNEKAPSAVLEGGING FOR 2017

Vi stadfestar etter beste skjønn og overtving:

Rekneskap og budsjett


- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året låg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlige forplikningar for selskapet utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at selskapet har brote avtaler eller offentlige påbod på ein måte som kan påføre selskapet vesentlige økonomiske forplikningar.
- Vi kjenner ikkje til at det har skjedd hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentlig betydning for årsrekneskapen.
- Vi har ikkje opplysningar om misleghald eller andre uregelmessige forhold av betydning for årsrekneskapen.
- Vi er kjent med vårt ansvar for å sette i verk formålstenleg rekneskapsrutine og kontrolltiltak for å forhindre og avdekke misleghald og feil.
- Selskapet og årsrekneskapen inneheld ikkje forhold eller transaksjonar med nærstående partar utover datterselskap og kommunane (gjeld både selskap og personar).
- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjente innetekter og utgifter samt økonomiske forplikningar av betydning – både påløpte og betinga.
- Alle budsjett- og budsjettendringar gjennom året er registrert.
- Vi meiner at rekneskapsmessig fordeling mellom hhv. næring og monopol er i samsvar med regelverket for sjølvkost.

Opplysningar som er gitt

- Vi har gitt revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av rekneskapen
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål
- Alle transaksjonar er registrert og går fram av rekneskapen.

Eventuelle kommentarar til punkta over:

Larsnes 5. april 2018


Dagleg leiar